

BJØRN DYRKOLBOTN
 Dyrhovden 2A
 5993 Ostereidet
 Tlf: 97948817
 E-post: bdyrko@online.no

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
11 OKT 2017	
Ark. saksnr. 16/2812	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Ostereidet 04.10.2017.

Lindås Kommune
 Kvernhusmyrane 20
 5914 Isdalstø

Lindås kommune sin referanse: 16/2812 – 17/19993

Klage på gebyr for handsaming - Sak 070/17 - i Plan- og Miljøutvalet den 28.6.17 – gbnr 233/105

Syner til min klage datert 11.08.17 (motteke hos Lindås Kommune den 16.08.17), samt Lindås Kommune sitt svar på klagen datert 27.09.17.

I sitt brev datert 27.09.17 skriv sakshandsamar at klagesaka vert oversendt Fylkesmannen.

Oversender med dette til Fylkesmannen, mine kommentarer til brevet frå Lindås Kommune datert 27.09.17.

Saka gjeldt min søknad om utskiljing av bustadtomt på Ostereidet i Lindås Kommune.

Saka vart handsama i Plan- og Miljøutvalet den 28.6.17, der min dispensasjonssøknad blei avslått.

(Det var meininga klaga på dette vedtaket, men dette rakk eg ikkje innan 3-vekers frist, pga var på reise på jobb).

I etterkant av vedtaket Plan- og Miljøutvalet den 28.6.17, fekk eg krav om gebyr for sakshandsaminga i Lindås Kommune.

Gebyra var pålydande kr. 9.500,- for dispensasjonssøknad, og kr. 8.500,- for delingssøknad.

I brev datert 11.08.17, klaga eg til Lindås Kommune på gebyret på kr. 8.500,- for delingssøknad.

Min påstand er at sidan dispensasjonssøknaden blei avslått, kan ikkje Lindås Kommune krevja gebyr for delingssøknaden også.

Dette fordi når dispensasjonssøknaden blei avslått, er ikkje delingssøknaden handssama i det heile tatt.

I sitt brev av 27.09.17, opprettheld Lindås Kommune sitt krav om kr. 8.500,- for delingssøknad.

Eg har sjekka opp i med påståtte sakkyndige på feltet.

Derifrå har eg fått opplyst, at det er ordlyden i vedtaket i Plan- og Miljøutvalet, som avgjer om det kan krevjast gebyr for for delingssøknad.

I vedtaket i Plan- og Miljøutvalet den 28.6.17, står der ingen ting om at delingssøknadeen er handsama.

I vedtaket (Sak 070/70) er fylgjande ordlyd anført: *Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen til frådeling av bustadtomt på gbnr 233/105.*

Delingssøknaden er såleis ikkje nemnd med eit ord!

Ut frå dette må ein konkludera med at Lindså Kommune ikkje har rett til krevja kr. 8.500,- for behandling av delingssøknad i denne saka.

Eg ber om at Fylkesmannen stadfestar dette

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen.

Mvh

Bjørn Dyrkolbotn
 Bjørn Dyrkolbotn